

# Reguleringsføresegner for privat detaljreguleringsplan massetak Eide

Plan-ID 2020002

Arkivsak 20/338

Godkjent av kommunestyret 28.10.2021 K-sak 55/21

## § 1 Avgrensing og føremål

Planområdet er vist med plangrense på plankart utarbeidd av Luster kommune datert 19.07.2021.

Føremålet med planen er å etablera eit massetak på eigedomen med uttak av rasmassar frå ei steinur. Steinmassane skal mellom anna nyttast til elveforbygging og støttemurar i naturstein. Humushaldige lausmassane kan nyttast til jordforbetring.

## § 2 Områdeoversikt

Området skal nyttast til:

- Bygg- og anleggsområde, PBL §12-5.1:  
Massetak
- Samferdsel og teknisk infrastruktur, PBL §12-5.2:  
Eksisterande anleggsveg frå tilkomstveg til Eide Gard
- Landbruks-, natur- og friluftsområde, PBL §12-5.5:  
Jord- og skogbruk

## § 3 Bygg og anlegg

### 3.1. Massetak.

#### a) Krav om driftsplan

Det skal utarbeidast ein driftsplan for området som skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning (DFN) og Luster kommune. Driftsplanen skal utarbeidast etter krava DFN set til slike planar og etter dei krava som vert sett i reguleringsplanen. Driftsplanen skal normalt ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med DFN. DFN skal føra tilsyn med at drifta skjer i samsvar med driftsplanen.

Driftsplanen skal i tillegg:

- Vise plassering av støyvoll og knusar.
- Vise etappevise uttak av massar, lagring av overskotsmassar og etappevis pynting og avslutning av uttaksområda.

- Vise sikring av området.
- Vise tiltak som hindrar overflatevatn å ta nye vegar.
- Vise tiltak for å hindre avrenning frå driftsområdet.
- Vise mogleg forureining og avbøtande tiltak.
- Vise korleis uttaket etter avslutta drift skal pyntast og avsluttast.
- Omtale HMS/ HMS-tiltak i uttaket.

#### **b) Bygging av støyvoll**

Det skal i samsvar med plankartet og planomtalen byggjast støyvoll mot nord-aust og sør-vest. Støyvollen skal etablerast med høgde og breidde i tråd med planomtale, og skal dekke for knuseverk og liknande aktivitet. Overskotsmassar kan nyttast til bygging av støyvoll. Etter avslutta drift kan desse massane nyttast til planering av området.

c) Massane skal kunna lagrast innan området. Overskotsmassar kan nyttast til bygging av interne vegar.

#### **d) Aktiviteten i massetaket skal tilpassast følgjande tider:**

Bearbeiding som pigging og bruk av knusemaskin skal berre skje mellom klokka 07:00 og 17:00 på kvardagar og mellom klokka 10.00 og 14.00 på laurdagar. Graving/masseflytting/ utkøyring av massar er tillate utover desse tidene.

#### **c) Sikring av området**

Uttaket skal til kvar tid vere forsvarleg sikra.

### **3.2. Tilstelling og bruk av områda etter avslutta uttak av massar.**

a) Avdekkingsmassane skal leggjast til side og nyttast til tilstelling av området etter avslutta uttak.

b) Heile planområdet skal førast attende til landbruks- natur- og friluftsområde når massetaket er avslutta.

### **§ 4 Samferdsel og teknisk infrastruktur**

a) Innan føremålet kan det gjerast naudsynte utbetringar og vedlikehald av vegen.

### **§ 5 Landbruks,- natur- og friluftsområde**

a) Området er regulert til naturføremål i tråd med dagens bruk.

### **§ 6 Omsynsoner**

a) Omsynsone/faresone for "høgspenline" er innteikna på plankartet med farefråstandar 30 m frå senter. Fareområdet ligg innanfor området regulert til naturføremål og det vert ikkje etablert innretningar i strid med gjeldande forskrifter for tryggleik i samband med høgspentanlegg.

b) Omsynsone/faresone ras og skredfare gjeld heile planområdet og er delt i tre ulike soner.

H310\_1: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/100. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3 (jf. byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

H310\_2: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

H310\_3: Skredfaren innanfor denne omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/5000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3 (jf. byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.